

# Viktige samfunnstrender for Sogndal kommune

## Dei viktigaste trendane

FN, staten, fylkeskommunen, Knut Vareide... Alle snakkar om det same:

- Klima og berekraft
- Demografi
- Urbanisering
- Kompetanse og rekruttering
- Digitalisering
- Folkehelse

# Trend: Klima og berekraft

FN:

*Mengda klimagasser held fram med å auke og klimaendringene skjer raskere enn me har trudd. Effektane av klimaendringane er synlege over heile verda. Den globale gjennomsnittstemperaturen har stege omtrent 1 °C sidan før-industriell tid, i tillegg held havnivået fram med å stige. Land har levert nasjonale planar for reduksjon, men dei er ikke omfattende nok.*

Parisavtalen forpliktar oss til å ta del i utsleppskutta

I tillegg må vi tilpasse samfunnet til klimaendringane, ta vare på matjord og biologisk mangfald.

Unge forventar ein miljømedviten kommune

# Klima og berekraft - korleis møte trenden?

- Lage gode områdeplanar som reduserer transportbehov, tek høgde for klimaendringar og unngår nedbygging av matjord og viktig natur
- Bruke ROS-analyse for å avdekke risiko og sårbarheit
- Redusere utslepp, avfall og energibruk frå eigne bygg
- Fjerne utslepp knytt til kommunale bilar
- Fremje ombruk av ressursar
- Heve kunnskapen om klima og delta i klimanettverk

## Trend: Demografi

- Vekst i innbyggjartal, landets yngste befolkning i 2050
- Fleire eldre i heile kommunen
- Stor vekst i unge innbyggjarar i tettstadene
- Me er del av ein integrert bu- og arbeidsmarknad i indre Sogn
  - Stor innpendling til Sogndal, Leikanger og Kaupanger
- Resten av Sogn har motsett utvikling

## Demografi - korleis møte trenden?

- Bygge nok kapasitet i skule og barnehage der det er vekst
- Dimensjonere tenestene etter utviklinga
- Sikre mange nok og rett type bustader til å handtere veksten
- Møte den demografiske utviklinga med urbanisering
- Vere ein attraktiv arbeidsgjevar for å sikre rett og nok kompetanse i framtida

# Trend: Urbanisering

FN:

*Verda vert urbanisert i ein fart me aldri har sett maken til. Meir enn halvparten av befolkninga i verda bur i dag i byar, og delen kjem nok til å auke til 60 prosent i 2030.*

*Urbanisering skapar store moglegheiter og utfordringar. På sitt beste sørgar byar for at menneske kan leve gode liv og utvikle seg både økonomisk og sosialt. På den andre sida veks mange byar fortare enn tilbodet av arbeidsplassar og bustader.*

- Me ser trenden lokalt: Sogndal har vakse medan andre område har tilbakegang i folketal
- Sogndal sine urbane kvalitetar gjer at unge vel Sogndal framfor byane. Slik demmer Sogndal opp for folketalsnedgang i heile regionen.
- 1/3 av veksten i kommunen kjem frå nabokommunar, 2/3 kjem frå andre regionar

# Urbanisering - korleis møte trenden?

- Fortetting med kvalitet i tettstadene
- Satse på å utvikle dei urbane kvalitetane i tettstadene
- Bygge blanda bummiljø med kvalitet i tettstadene
  - For eldre som gjer det mogleg å bu lenger heime
  - For unge som gir nærleik til daglege gjeremål
- Skape gode møteplassar på tvers av grupper
- Sikre gode rammer for organisert og eigenorganisert aktivitet
- Lage planar som sikrar god kvardagslogistikk



## Trend: Kompetansebehov

- Sterkere konkurranse om fagfolk, særleg innan helse og omsorg
- Mange kommunar slit også med mangel på pedagogar. God samhandling med HVL i Sogndal sikrar god rekruttering
- Ved utflytting av statlege arbeidsplassar og etablering av kunnskapsintensiv næring vert det stilt endå større krav til sterke kompetansmiljø
- Samanslåing av statlege og regionale verksemdar aukar behovet for å styrke kompetansmiljøa i Sogn
- Unge vel høgare utdanning, medan arbeidslivet vårt også treng fagutdanna

# Kompetansebehov – korleis møte trenden?

- Vere attraktive i arbeidsmarknaden gjennom å bygge gode fagmiljø og drive kontinuerleg tenesteutvikling. Heiltidsstillingar i helse og omsorg tek ut uutløyst arbeidskraft
- Halde fram med å vere ein tydeleg og god vertskommune for offentlege og private verksemdar
- Ta ei aktiv rolle i regionalt utviklingsarbeid
- Spele på lag med regionale og nasjonale myndigheiter
- Styrke utdanningstilboda og koblinga til arbeidslivet
- Betre samarbeid mellom arbeidsgjevarar om rekruttering, særleg til kunnskapsintensive stillingar

# Trend: Digitalisering

## Sintef:

*I åra framover vil digitalisering og den digitale transformasjonen endre måten me tenker, reiser, handlar og arbeider på. Heile forretningsmodellar kjem til å forsvinne, og nye vil oppstå. Me ser allereie at teknologien gjer at bedrifter og offentlege aktørar kjem nærare kunden eller brukaren. Dette tek med seg krav om auka effektivitet, meir bærekraftige løysingar og gjennomsiktighet.*

- På grunn av digitalisering av samfunnet vil kommunane måtte løyse oppgåver på ein grunnleggande anleis måte enn i dag
- Innbyggjarane kjem til å stille krav om at kommunen er digitalt tilgjengeleg
- Digitalisering og ny teknologi vil erstatte mange av tenestene me yter i dag og fornye, forbetre og forenkle kommunale tenester

# Digitalisering - korleis møte trenden?

- Sørge for framtidsretta infrastruktur
- Bygge kompetanse innan digitale løysingar og kommunikasjon
- Bruke digitalisering og ny teknologi til å fremje openheit og samskaping
- Sette innbyggaren i fokus for å utvikle brukarorienterte, tilgjengelege tenester for alle
- Jobbe for å bli ei smart-bygd

## Trend: Folkehelse

- Nokre av dei største utfordringane nasjonalt: einsomheit, overvekt, dårlegare psykisk helse hjå unge
- Eldre som bur åleine er særleg eksponerte, og det aukar behovet for sjukeheimsplassar
- God opplevd livskvalitet er betinga av å ha nokre gode relasjonar, fråvær av fysiske helseplagar og økonomisk tryggleik.

## Folkehelse – korleis møte trenden?

- Satse på friluftsliv og aktivitet for alle der dei bur
- Gode bustader for eldre i blanda bumiljø
- Møteplassar for å skape trivsel
- Samordna tenester, særlege for utsette grupper
- Lågterskel psykisk helsehjelp for ungdom